

MELAND KOMMUNE

Teknisk kontor
5110 FREKHAUG

JB/bo.

Jnr. 2001/82.

A.nr. 573.1

MOTTEKE**20 DES. 1982****Meland formannskapskontor**

Formannskapet
he r.

Vedk.: Avslutning av bossplassen - Oppgjer med
Arnfinn Moldekleiv.

Då køyring av boss til Moldekleiv vart avslutta 01.12.82
istaden for som tidlegare planlagd 01.01.83, har
Hr. Moldekleiv fått utbetalt kr. 6.090,30 for mykje for
stell av bossplassen i 1982.

Ser ein dette saman med sluttoppgjeret for Moldekleivvegen
kan det som kommunen har til gode for stell av bossplassen
avreknast mot det Hr. Moldekleiv har til gode på
Moldekleivvegen.

TEKNISK SJEF ,17.12.82

Jens Bjordal
Jens Bjordal

Kopi til: Arnfinn Moldekleiv

MELAND KOMMUNE

Teknisk kontor

5110 FREKHAUG

JB/ks

Jnr. 1890/83.

A.573.1. Rp.ut.

MOTTEKE

25 AUG. 1983

Meland formannskapskontor

A.573

Meland kommunekasse
h e r

Vedk. utbetaling av leige av boss plass til Arnfinn Moldekleiv.

Kommunen er pliktig til å betala leige inntil boss plassen er ferdig utplanert.

Etter kontrakten kan leiga justerast kvart 5. år rekna frå 1.7.75. Dette er ikkje gjort, slik at etterbetaling for justert leige må utbetalast.

Auke i grunnpris frå 1.7.1980:

Rekna 7 % prisstigning frå 1.7.75): 35 %.

Grunnprisen vert då kr. 13,50 frå 1.7.80.

Prosentsatsen for leige som før på 6,4 %.

Etterbetaling av leige frå 1.1.1980 til 31.12.83:

$$\frac{\text{Kr. } 3,50 \cdot 5700 \cdot 3,5 \cdot 6,4}{100} = \text{kr. } 4.468,80$$

Vanleg leige frå

$$1.7.82 \text{ til } 31.12.83 = \text{kr. } 3.640 \cdot 1,5 = \underline{\text{kr. } 5.460,-}$$

$$\text{Samla utbetaling} = \underline{\underline{\underline{\text{kr. } 9.928,80}}}$$

Frekhaug, 24.8.83.
TEKNISK SJEF

Jens Bjordal
Jens Bjordal

Kopi til:
Rådmannen i Meland.

A. 573

MELAND KOMMUNE

Teknisk kontor
5110 FREKHAUG

JB/bo.
Jnr.1684/83
A.nr.573.

MOTTEKE
- 7 JUL 1983
Meland formannskapskontor

Arnfinn Moldekleiv
5110 Frekhaug.

Vedk. rekning av 30.06.83 på utført arbeid med traktor i samband med tilkøyning av jordmassar til bossplassen på Moldekleiv - Rekning for motteke boss.

Etter avtalen med teknisk styre skulle De utføra grøftearbeid i samsvar med tilbod for ialt kr. 56.533,- medrekna vegarbeid. Det har ikkje vore avtala noko hjelp til planering av jordmassar i samband med tilkøyning av desse.

At det har vore naudsynt med nokohjelp med mottak av jord, skal ein vera samd i, men Dykkar rekning på kr. 23.715,- er alt for mykje.

Ein kan godta at De for dette meir eller mindre sjølvpåteke arbeid får utbetalt kr. 5.000,- medrekna meirverdiavgift.

Alt anna arbeid som De vidare gjer på bossplassen må anten vera i samsvar med innsendt tilbod på grøftearbeid/vegarbeid eller De må ta kostnaden med dette sjølv.

Dersom det er ynskjeleg, kan skildnaden mellom Dykkar rekning kr.23.715,- og kr. 5.000,-, dvs. kr. 18.715,-, betala ut som Dykkar arbeid for vegarbeid i samsvar med inngått avtale.

Ein høyrer frå Dykk om De er samd med dette.

Innsendt rekning på kr. 486,- for mottak av avfall, er kommunen uvedkommande, då alt mottak av avfall skulle vera avslutta 01.12.82.

Dersom De ynskjer pengar for mottak av dette avfallet, må De senda rekning til vedkommande som har levert avfallet. Rekningen vert difor attendesendt.

Med helsing
TEKNISK SJEF ,06,07.83

Jens Bjørda
Jens Bjørda

Kopi til: Rådmannen

MØTEBOK

for Meland formannskap
 sak nr. 109 i møte den 8. juni 1983.
 Av 7 medlemmer var 7 til stades.

Plan for istandsetting -
 tidlegare boss plass på Moldekleiv.
 A.nr. 573.

Vedlegg nr. 37/83.

Rådmannen 02.06.83:

- Sakstilfang: 1. Særutskrift frå teknisk styre 24.05.83,
 sak 40/83. (Vedlegg nr. 37/83.)
 2. Skriv d. 05.05.83 frå Arnfinn Moldekleiv. (Vedlegg.)

Kommentar: Rådmannen har ingen merknad til den plan for avslutning av tidlegare boss plass som teknisk styre har vorte samd med grunneigar om.
 Det arbeidet som må utførast vil totalt koste kr. 148.533,-. Etter planen skal det utførast arbeid for kr. 87.133,- i 1983 og kr. 62.687,- i 1984.
 På budsjett for 1983 er sett av kr. 60.000,- til ovannevnde arbeid. Det er såleis trong for ei tilleggslyøving, stor kr. 27.133,-.
 Rådmannen vil vise til at ein no på det næraste har forbrukt den summen som er til rådvelde til tilleggslyøvingar.
 Før ein har fått klårlagt event. styrking av kto. 1.889.290 for 1983, kan det ikkje tilrådest å føreta større overføringar frå konto for tilleggslyøvingar.

Framlegg til vedtak:

- "1. Formannskapet godkjenner plan for istandsetjing av boss plass på Moldekleiv i samsvar med vedtak i teknisk styre i sak 40/83.
2. Søknad om tilleggslyøving for å kunne få utført delar av arbeidet i 1983, vert utsett til budsjett for 1983 vert justert."

Samrøystes vedtak:

Rådmannen si tilråding vart vedteken.

Rett utskrift.

Frekhaug, 16. juni 1983,

Sendt: Teknisk styre,
 Teknisk kontor,
 Arnfinn Moldekleiv,
 Rådmann.

Jorun Eikevik
 sekr.

MELAND KOMMUNE

Kontorsjefen
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Meland formannskap,
H e r .

Dykkar ref.:

Vår ref.: HT/geb

Dato Frekhaug, 2. juni 1983.

Plan for istandsetting -
tidlegare boss plass på Moldekleiv.
A.nr. 573.

Vedlegg nr. 37/83.

- Sakstilfang: 1. Særutskrift frå teknisk styre 24.05.83,
sak 40/83. (Vedlegg nr. 37/83.)
2. Skriv d. 05.05.83 frå Arnfinn Moldekleiv. (Vedlegg.)

Kommentar: Rådmannen har ingen merknad til den plan for avslutning av tidlegare boss plass som teknisk styre har vorte samd med grunneigar om.
Det arbeidet som må utførast vil totalt koste kr. 148.533,-. Etter planen skal det utførast arbeid for kr. 87.133,- i 1983 og kr. 62.687,- i 1984.
På budsjett for 1983 er sett av kr. 60.000,- til ovannemnde arbeid. Det er såleis trong for ei tilleggslyøving, stor kr. 27.133,-.
Rådmannen vil vise til at ein no på det næraste har forbrukt den summen som er til rådvelde til tilleggslyøvingar. Før ein har fått klårlagt event. styrking av kto. 1.889.290 for 1983, kan det ikkje tilrådest å føreta større overføringar frå konto for tilleggslyøvingar.

Framlegg til vedtak:

- "1. Formannskapet godkjenner plan for istandsetjing av boss plass på Moldekleiv i samsvar med vedtak i teknisk styre i sak 40/83.
2. Søknad om tilleggslyøving for å kunne få utført delar av arbeidet i 1983, vert utsett til budsjett for 1983 vert justert."

RÅDMANNEN I MELAND


Helge Thorsen

Sak nr. 40.

Gamal avfallsplass på Moldekleiv -
plan for istandsetting. A.nr.573.0.

Etter kontrakten skal kommunen syta for at avfallsplassen vert planert og påkøyrtd jord slik at området kan nyttast som jordbruksareal. Alle øydelagde grøfter skal settast istand. Framtidig forureining med tilsig frå plassen må hindrast.

Arbeidsutvalet har hatt møte med Arnfinn Moldekleiv og vart samde om følgjande:

- "1. Avskjerande grøft langs bossplassen mot vest vert å føra i lukka leidning forbi bossplassen og fram til open bekk utanfor dyrka jord.
 - 2. Tidlegare dyrka jord mellom bosstipp og grunneigedom mot sør må grøftast på nytt.
 - 3. Forureina jord nedanfor bosstippen vert påkøyrtd ny jord i ei høgd av ca. 30 cm.
 - 4. Framfor bosstippen vert plassert eit sandfilter av sjøsand i heile bosstippen sin bredde med ein dybde på omlag 1 m og bredde 2 m.
 - 5. Veg langs bossplassen fullførast som jordbruksveg.
 - 6. Oppå heile bosstippen påkøyrtd jordmasser i ei høgd av omlag 1 m som avsluttast ned mot tidlegare areal mot sør med ei jamn overgang.
 - 7. All skrot og skrapmateriell som Hr. Moldekleiv har teke imot må fjernast snarast og innan 01.01.84.
- Før dette vert fjerna kan utplanering av jord ikkje utførast."

På vedlagte kart ser ein korleis avslutning på bossplassen er tenkt utført.

Kostnader:

I samband med utbygging av Fylkesvegen forbi Moldekleiv har vegvesenet transportert jordmasser fram til bossplassen.

Det er pr. idag sannsynlegvis køyrtd nok masse på plassen.

For å få plassert massene på plassen har det vore naudsynt å leiga grave-maskin for utplanering av mottekne masser.

Handwritten signature: Van der ...

Sak nr. 40 forts.:

Kostnad pr. idag er:

Transport av masse	kr. 25.000,-
Utplanering	" 15.000,-
Løn til A. Moldekleiv for hjelp med mottak	" 5.000,-
	<u>kr. 45.000,-</u>

Vidare kostnader:

Arbeidsutvalet har sett det som ynskjeleg at Hr. Moldekleiv sjølv utfører all grøfte- og vegarbeid.

Hr. Moldekleiv har gitt inn pris på dette.

Samla pris frå Hr. Moldekleiv kr. 56.533,-

I tillegg kjem innkjøp av store grøfterøyr:

140 m 12" sementrøyr a kr. 100,-	" 14.000,-
Tilkøyring av sandfilter	" 8.000,-
Ferdig planering av plassen	" 25.000,-

Samla attståande kostnader kr. 103.533,-

Alt påførte kostnader " 45.000,-

Totale kostnader kr. 148.533,-

Avrundast til kr. 150.000,-

På budsjettet for inneverande år er det avsett kr. 50.000,-. Dersom arbeidet skal utførast i år må det tilførast kr. 90.000,- i ekstra midlar.

Då det vil vera ein fordel at tilkøyrt masse får høve til å siga saman, vil det vera mest fornuftig å utføra utplaneringa til våren neste år.

Ein kan vel og rekna med at kostnaden med istandsetting av vegen utsetjast til neste år.

Det som då bør gjerast i år er opptransport av masse og utplanering som alt er utført.

Sak nr. 40 forts.:

Kostnad	kr. 45.000,-
Tilkøyring av store røyr	" 14.000,-
Tilkøyring av sandfilter for å hindra ureining frå plassen	" 8.000,-
Betaling til Hr. Moldekleiv for utføring av arbeid i samsvar med tilbud, unnateke veg	" <u>20.133,-</u>
Samla kostnad 1983	kr. 87.133,-
Budsjettert i 1983	" <u>60.000,-</u>
Må løyvast ekstra.	<u>kr. 27.133,-</u>

Resten av kostnaden må utførast våren 1984 og må då budsjetterast med kr. 62.867,-.

Arbeidstutvalet sitt framlegg til vedtak:

"Teknisk styre tilrår avslutningsplan for bossplass på Moldekleiv godkjendt.

Planen vert oversendt Helserådet for merknader før kommunestyret handsamer saka.

Grunna økonomiske årsaker kan ikkje alt arbeid utførast i år.

Teknisk styre tilrår utført arbeid for 1983 som mend ovanfor.

Resten vert å utføra våren 1984. Kostnaden med restarbeidet må takast med i budsjettet for 1984. Hr. Moldekleiv utfører arbeid i samsvar med tilbud .

For å dekkja kostnaden for 1983 må det løyvast ekstra kr. 27.133,-

Saka vert oversendt formannskap/kommunestyret for avgjerd."


Samr. vedtak:

"Som framlegget"

Rett utskrift.

TEKNISK KONTOR, 27.05.83


Berit Ohnstad
fullm.



Moldekleiv 5/5 - 83

Vedlegg.

Til

Kommuneingeniøren i Meland

eg har gjort ei oppstilling av dei punkta som du bad meg om då du var borte her.

eg meiner dette er gjort så rimelig som det er mogleg.

Her står åpent for prisen på dreneringsrør då eg ikkje har fått innkenta meterpris her.

eg har heller ikkje fått tid til å setta op det som kjem under punktet 4, då eg har hatt så altfor travelt.

Dette skal eg prøva å få ferdig til i morgon eller seinast mandag 9/5.

I samband med arbeidspris for graving og legging av dreneringsrør kontakta eg Austegård i jordstyret og han meiner ein matte har kr. 25,- pr. meter for dette arbeidet.

Likevel meiner eg at eg skal komma ut med dei prisene eg har satt opp. Då forutsatt at eg gjer arbeidet sjølv. Dette var berre i orientering.

Utjansing av jordmassen o. a. for me koma attende til seinare når dette ser seg ned nok.

Helsing

Amfim Moldekleiv

Bassplassen på Moldeleiv

eg har her gjort ei oppstilling av satt pris på ein del arbeid som må sluttferast på bassplassen:

1.
166 m.
Rørledning

Rørgate for nedslagsvaku forbi bassfeltet 7

Graving av grøft kr. 10,50 pr. m - kr 1743.

Frankjøring av rør 11 tim 880

Frankjøring av sand til innderlag inder rørene 14 tim 1120

Legging av rør 16 tim (markim) 2200

Lån til ein mann ekstra inder dette arbeidet 720

Pågraving av jord 7 tim 1050

2.

Veg fram langs bassplassen

130 m veg 3,5 m breid a. kr. 280- 36400

3.

Grøfting av myr nedfor bassplass

Graving av grøfter 9 kr. pr. m. 2880

320 m.
Rørledning

Legging av rør, tilkjøring av bunneinmasse og pålegging av denne samt oppgraving 2400

240 m. (2")
80 m. (3")

Fløyning 640

Opprensning av gamalt elveløp 1500

240 m (2") rørledning a. kr. 10 = 2400


80 m (3") — " — a. kr. 10 = 800

4.

Støping av tre kummes der bekkeløpet renn inn i søra 1800

56533

Ansvar Moldeleiv



M = 1:1000
 0 10 20 30 40m
 Ekv = 5m

Avfalls plass på Moldelleiv
plan for istandsetting
etter avslutning av tømming

Frelshaug 16/5-83
 Bjørndal

M = 1:1000

MØTEBOK FOR TEKNISK STYRE, 19.10.82.

Meland formannskapskontor

Sak nr. 67.

Renovasjon - levering av avfall
til Kjevikdalen - oppseing av
kontrakt med Arnfinn Moldekleiv.
A.nr. 573.

NGIR har i brev av 24.09.82 sagt fra at dei kan taka til med
å ta imot avfall frå kommunane frå 01.11.82.

Prisen vert kr. 40,- pr. abb. ut 1982.

Meirkostnaden for kommunen ved å levera til Kjevikdalen i høve til
Moldekleiv ut 1982 vert kr. 4.000,- for bossplassen og omlag
kr. 14.000,- i transport tilsammen kr. 18.000,-.

Bossplassen på Moldekleiv må avsluttast. Kontrakten med
hr. Arnfinn Moldekleiv må seiast opp. Det må vidare takast opp
drøftingar med hr. Moldekleiv korleis bossplassen skal avsluttast.

Arbeidsutvalet sitt framlegg til vedtak:

"Grunna kostnadsauke på kr. 18.000,- som det ikkje er dekning for
i budsjettet meiner teknisk styre at Meland kommune ikkje
leverer avfall til Kjevikdalen før 01.01.83.

Kontrakten mellom Meland kommune og Arnfinn Moldekleiv om
bosslevering til Moldekleiv vert sagt opp slik at levering til
Moldekleiv held fram 01.01.83.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å ta opp drøftingar med
hr. Moldekleiv om korleis istandsettinga av avfallsplassen skal
utførast og kor mykje kommunen er kontraktsplikta å utføra."

Framlegg frå Johan Andersen:

=====

"Meland kommune byrjer å levera avfall til Kjevikdalen f.o.m. 1.11.82.

Ein førestnad for slik levering frå 1.11.82 er at det kontraktmessig
ikkje er til noko hinder for denne leveringstida.
Arbeidsutvalet får fullmakt til å ta opp drøftingar med Hr. Moldekleiv
om korleis istandsettinga av avfallsplassen skal utførast, og kor mykje
kommunen her er plikta å utføra."

forts sak nr. 67.

Ved røysting fekk framlegget frå Johan Andersen 4 røyster.

Deretter vart arbeidsutvalet sitt framlegg vedteke med 7 røyster.

Rett utskrift.

TEKNISK KONTOR, 21.10.82


Berit Ohnstad
fullm.

Utskrift til: NGIR
Formannskapet
Arnfinn Moldekleiv

MØTEBOK

for Meland formannskap
sak nr. 172 i møte den 29. juni 1981.
Av 7 medlemmer var 7 til stades.

Boss plass på Moldekleiv.
A.nr. 573.

Låg føre skriv d. 11.06.81 frå Meland Helseråd.

Samrøystes vedtak:

"Teknisk etat får i oppdrag å syta for at manglar ved boss plassen på Moldekleiv, nemnd i skriv d. 11.06.81 frå Meland Helseråd, vert utbetra."

Rett utskrift.

Frekhaug 3. juli 1981.

Øyvind Aas
sekr.

Sendt: Teknisk etat,
Meland Helseråd.

MOTTEKE
23 JUNI 1981
Meland formannskapskontor

Meland Formannskap,

5110 Frekhaug.Boss plass på Moldekleiv.

Det er kome munnleg klage til Helserådet frå hytteeigar i nærleiken av bosstømeplassen på Moldekleiv. Det vert peika på mangler og ulemper ved og omkring tømeplassen. Papir og anna avfall, som lette boksar, vert av vind, event. av fuglar, spreidd utover området.

Klagen gav grunn til synfaring, og eit samla helseråd var møtedagen på Moldekleiv for å sjå på tilhøva ved og omkring bosstømeplassen. Renovatøren var tilstades ved synfaringa. Eindel mangler ved anlegget og ved drifta kom for dagen.

1. Fronten av fyllplassen er ikkje overdekkja p.g.a. lite fyllmassar. Fronten vert liggande utildekkja i fleire veker, slik at ein får naturleg komprimering. Grunnen til at fronten vert liggande utildekkja er mangel på dekkmassar.

Det er rimeleg at ei slik ordning vil føre med seg luktplager, og at avfall ved vind og fuglar kan spreiest vidt ikring.

Ei slik ordning er i strid med dei vilkår som Statens Forurensningstilsyn sette i skriv til Meland kommune v/kommuneingeniøren, dagsett 17.juni 1974, pkt.3, der det står at renovatør skal sørge for utjamning av søppel, komprimering og overdekking seinast 24 timar etter bosslevering på tømeplassen.

Nedover dalen, 150 - 200 m. frå tømeplassen vart det i avtakande mengde observert avfall, vesentleg i form av papir og plast.

2. Pkt.1 i dei vilkår Statens Forurensningstilsyn har sett, krev avskjerande grøfter for å redusere nedslagsfeltet og dermed avsiget frå søppelfyllplassen. Det er forutsett at overflate- og infiltrasjonsvatn oppsamla via avskjerande grøfter skal leiast til bekkefarene nedanfor fyllplassen. Det er manglande avskjering av drengrøft med retning søndre hjørne av fyllingen til litt ovanfor samlekkummen. Denne drengrøfta skulle vore avskåren og vatnet ført til bekkefarene nedanfor samlekkummen.

Forts. Bossplass på Moldekleiv.

3. I samsvar med pkt.5 i dei vilkår som er opplista, skal sigevatnet frå fyllplassen samlast opp og leiast til samlekum. Til denne kummen skal berre førast avsig frå fyllplassen, og alle avskjerande grøfter skal munne ut nedanfor kummen.
- Slik kummen er plassert, har han idag ingen funksjon. Han samlar ikkje opp avsiget frå fyllplassen, og det er såleis ikkje mogeleg å kontrollere avsiget på representativ måte.
- Helserådet viser til pkt.6 når det gjeld dei vilkår Statens Forurensningstilsyn har sett opp, likeeins pkt.5. Det skal altså 4 gonger i året takast prøve av avsiget frå fyllplassen. Analyseresultata skal sendast SFT.

Samrøystes uttale frå Helserådet:

Når Helserådet set tilhøva og drifta ved bosstømeplassen opp mot dei vilkår som Statens Forurensningstilsyn har utarbeidd for godkjenning av fyllplassen, kan ein peike på mange mangler. Helserådet har teke med i vurderinga at ny interkommunal renovasjonsordning er føreståande, og at noverande fyllplass då vert avvikla.

Tilhøva, slik dei nå er, vil likevel føre til ulemper i nærmiljøet. Dessutan vil det i mange år etter avvikling av fyllplassen vere avsig som må kontrollerast i samsvar med pkt.5 og pkt.6. For å betre tilhøva må følgjande minimumstiltak gjennomførast.

1. Kommunen skaffer presenningar, slik at heile fronten av fyllplassen kan dekkast innan 24 timar etter deponering av boss.
2. Drensgrøft frå søndre hjørne må avskjerast, og leiast ut i dalføre nedanfor samlekummen.
3. Samlekummen må byggast slik at han fungerer etter intensjonane i skriv frå Statens Forurensningstilsyn, jfr.pkt.5 og pkt.6.
4. Det må takast prøve av avsiget til samlekummen 4 gonger pr. år. Desse prøvane skal Helserådet ta etter at kummen er omarbeidd.

Helserådet ber om at presenningar vert skaffa snarast, og at arbeidet med avskjering av drensgroft og ombygging av samlekummen vert gjort innan utgangen av september 1981.

Meland Helseråd, den 11.06.1981

MELAND HELSERÅD
5110 FREKHAUG
Anders Aadland
helserådsordfører

Kopi: Fylkeslegen i Hordaland
Kommuneingeniøren i Meland
Renovatør Arnfinn Moldekleiv

Særutskrift av møteboka

for Meland kommunestyre

sak nr. 16 i møte den 31. januar 1980.

Av 27 medlemmer var 26 til stades (møtende varamenn medrekna).

Vedk. godtgjersle for stell av boss plass
på Moldekleiv.
A.nr. 573.

Formannskapssak nr. 20.

Formannskapet si tilråding:

"Formannskapet rår kommunestyret til å gjera vedtak i samsvar med
kontorsjefen si tilråding."

Vedtak:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Rett utskrift.

Frekhaug 21. februar 1980.

Øyvind Aas
sekr.

Sendt: A. Moldekleiv,
Komm.ing.,
Komm.kass.,
Revisjonssjef.

Særutskrift av møteboka

for Meland formannskap

sak nr. 20 i møte den 16. januar 1980.

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamenn medrekna).

Vedk. godtgjersle for stell av boss plass
på Moldekleiv.
A.nr. 573.

Kontorsjefen sitt skriv d. 11.01.80:

"Kontorsjefen vil vise til skriv frå kommuneingeniøren, d. 05.04.78,
vedk. ovannemnde.

Saman med A. Moldekleiv vart det gjeve slik tilråding:

- "1. Som godtgjersle for stell av boss plassen får A. Moldekleiv utbetalt kr. 110,- pr. abonnement eks. meirverdiavgift rekna frå 01.01.77.
2. Abonnentalet vert rekna som gjennomsnittstal for eit år.
3. Det vert ikkje rekna prisstigning ut ifrå den vurdering at arbeidet kan gjerast forholdsvis meir rasjonelt etter kvart som abonnentalet aukar."

Formannskapet har ikkje tidlegare teke stode til ovannemnde framlegg til avtale, men kommunen har ved to høve i prinsippet godkjent utgangspunktet for å berekna godtgjersla for stell av bossplannen (kommunestyremøte 19.07.78, sak 147/78 og formannskapsmøte 18.09.79).

Innvendingane mot avtalen er at ein ikkje har berekna fallande satsar utifrå at arbeidet kan gjerast meir rasjonelt ettersom det vert fleire abonnentar. Kontorsjefen vil imidlertid vise til pkt. 3 i avtalen, der det går fram at A. Moldekleiv ikkje har høve til å justera godtgjersla samsvarande med prisauken, og at Meland kommune kan auke løssavgifta utan at godtgjersla for stell av boss plassen kan krevjast regulert tilsvarande.

Kontorsjefen vil difor rå til at kommunen inngår avtale med A. Moldekleiv, i samsvar med skriv d. 05.04.78 frå kommuneingeniøren.

Av likviditetssyn vil det vera ein føremon om A. Moldekleiv får å konto oppgjer kvartalsvis.

Kontorsjefen vil rå til at det vert gjort slikt vedtak:

"Kommunestyret godkjenner at det vert inngått avtale med Arnfinn Moldekleiv om stell av boss plass, samsvarande med skriv d. 05.04.78 frå kommuneingeniøren og skriv d. 11.01.80 frå kontorsjefen. Med utgangspunkt i forrige års endelege oppgjer, får Arnfinn Moldekleiv å konto oppgjer kvartalsvis."

Samrøystes formannskapstilråding:

"Formannskapet rår kommunestyret til å gjera vedtak i samsvar med kontorsjefen si tilråding."

Rett utskrift.

Frekhaug 21.01.1980.

Sendt: A. Moldekleiv,
Komm.ing.,
Komm.kass.,
Revisjonssjef.

Øyvind Aas
sekr.

Meland formannskap,

Her.

Kontorsjefen 11.1.80:

Vedk. godtgjersle for stell av boss plass på Moldekleiv.

Kontorsjefen vil vise til skriv frå kommuneingeniøren d. 5.4.78, vedk. ovannemde.

Saman med A. Moldekleiv vart det gjeve slik tilråding:

1. Som godtgjersle for stell av boss plassen får A. Moldekleiv utbetalt kr. 110,- pr. abonnement eks. meirverdiavgift, rekna frå 1.1.77.
2. Abonnentalet vert rekna som gjennomsnittstal for eit år.
3. Det vert ikkje rekna prisstigning ut ifrå den vurdering at arbeidet kan gjerast forholdsvis meir rasjonelt etter kvart som abonnentalet aukar.

Formannskapet har ikkje tidlegare teke stode til ovannemde framlegg til avtale, men kommunen har ved to høve i prinsippet godkjent utgangspunktet for å berekna godtgjersla for stell av boss plassen (kommunestyremøte 19.7.78, sak 147/78 og formannskapsmøte 18.9.79).

Innvendingane mot avtalen, - er at ein ikkje har berekna fallande satsar utifrå at arbeidet kan gjerast meir rasjonelt ettersom det vert fleire abonnentar. Kontorsjefen vil imidlertid vise til pkt. 3 i avtalen, der det går fram at A. Moldekleiv ikkje har høve til å justera godtgjersla samsvarande med prisauken, - og at Meland kommune kan auke bossavgifta utan at godtgjersla for stell av boss plassen kan krevjast regulert tilsvarande.

Kontorsjefen vil difor rå til at kommunen inngår avtale med A. Moldekleiv, i samsvar med skriv d. 5.4.78 frå kommuneingeniøren. Av likviditetsomsyn vil det vera ein føremon om A. Moldekleiv får åkontooppgjer kvartalsvis.

Kontorsjefen vil rå til at det vert gjort slikt vedtak:

"Kommunestyret godkjenner at det vert inngått avtale med Arnfinn Moldekleiv om stell av boss plass, samsvarande med skriv d. 5.4.78 frå kommuneingeniøren og skriv d. 11.1.80 frå kontorsjefen. Med utgangspunkt i forrige års endelege oppgjer, - får Arnfinn Moldekleiv åkontooppgjer kvartalsvis."


Helge Thorsen

MØTEDATO:

31/11-1980

SAK NR:

16

FORSLAGSSTILLAR:

SIMON SIMON SEN

FORSLAG:

SAKEN går tilbake til formannskapet
til ny behandling

21. september 1979.

Meland kommunekasse,
H e r .

Vedk. oppgjer for stell av boss plass.

Viser til vedlagte særutskrift frå formannskapsmøte 19.06.78, sak nr. 147/78. Pr. d.d. har formannskapet ikkje arbeidd ut retningsliner for godtgjersle for stell av boss plass på Moldekleiv.

Arnfinn Moldekleiv har for 1978 fått utbetalt totalt kr. 44.400,-. Dette samsvarar med den endelege utbetalinga for 1977. Med ei auke p 1978/79 på nær 120 abonnentar, er det heilt klart at A. Moldekleiv med verknad frå 01.01.78 må få justert godtgjersla.

I skriv frå A. Moldekleiv d. 04.09.79 vert det krevd at slutt oppgjer for 1978 og forskottet for 1979 innan 15.09.79. I motsatt fatt vert boss plassen stengd.

I omframt formannskapsmøte 18.09.79, der Arnfinn Moldekleiv var til stades, var det semje om at A. Moldekleiv får utbetalt som endeleg oppgjer for 1978 godtgjersle samsvarande med den tilrådinga kommuneingeniøren tidlegare har utarbeidd. A. Moldekleiv skal då for 1978 ha utbetalt kr. 110,- pr. abonnement eks. meinverdiavgift. Abonnementalet vert rekna som gjennomsnittal for eit år.

Abonnentar:

Pr. 1/1-78 381
" 1/1-79 499

Godtgjersle - 1978:

(381 + 499) : 1/2 x kr. 110,-	≠ kr. 48.400,-
Meinverdiavgift	= " 9.680,-
Total 1978	kr. 58.080,-
Har fått	kr. 44.400,-
Utbetaling - oppgjer 1978	kr. 13.680,-
	≠-----

Ein har også funnd det rett at Arnfinn Moldekleiv får utbetalt meir å konto for 1979 såleis:

Å konto - godtgjersle 1979	kr. 50.000,-
Tidlegare motteke	" 44.400,-
Utbetaling å konto 1979	<u>kr. 5.600,-</u> *****

Med bakgrunn i ovannemnde torer ein be om at det vert tilvist utbetalt til Arnfinn Moldekleiv fylgjande:

Rest - endeleg oppgjer 1978	kr. 23.680,-
Åkonto - oppgjer 1979	<u>kr. 5.600,-</u>
	kr. 19.280,- *****

KONTORSJEFEN I MELAND

Helge Thorsen.

14. september 1979.

Arnfinn Moldekleiv,
5110 FREKHAUG.

Vedk. oppgjer for stell av boss plass.

Viser til Dykkar skriv d. 03.09. og 04.09.79 vedk. ovannemnde.

For å få ei endeleg avklåring av dei tilhøve som er nemnd i Dykkar brev, vil Meland formannskap be om eit sammøte snarast.

Grunna arbeidet med organiseringa av valtinget fyrstkommande måndag, vil det ikkje vera mogeleg å ha møte før tysdag 18.09. d.å. kl. 13.00.

Dersom De ikkje har høve til å møte, vil ein be om at det vert gjeve melding til formannskapskontoret så snart råd er.

MELAND FORMANNSKAPSKONTOR

Johs. H. Fosse
ordførar.

Helge Thorsen
kontorsjef.

MOTTEKE

- 5 SEPT. 1979

Meland formannskapskontor

Til Meland formannskap.

Moldekleiv 4/9 - 1979

Eg legg ved eit skriv angående bassordninga i Meland.

Viser til dette og bed om støtt oppgjør for 1978 og et forskotid 1979 vert ordna i samsvar med det.

Samstundes må der skaffast sand og plank. Dette må vera ordna og oppgjøret kome meg i hende innan 15/9 - 1979. Y utbøtt fell vert børsplassen stengt frå samme dato.

Skulle det verta altfor store vansker med å få dette ordna innan fristen som er sett skal eg gå med på ei ordning der eg får utbetalt eit akontobeløp stort kr. 25000,- og grei avtale om restoppgjør snarast mogeleg etter det.

Restoppgjøret vert då å nytta til dekning av restskatt 1978. når det er kome i orden.

Redegjølse for årsaka skal til stenging gjer eg i avisa.

Amfimm Moldekleiv.

Moldekleiv 3/9-1979

Skriv til Meland formannskap gjeldande
bussstøplass og stell av bussplass i Meland

Etter snart fire års drift skulle ein for lengst
være ferdig med prøveordninga både når det gjeld
betalingsordning og tilrettelegging av arbeids-
forhold.

I vilkåra frå departementet krevst det at bussen
skal høyrast ut, planerast og kamprimrast med
dertil egnet maskin.

Eg tok mest buss her dei to første åra med ei
hagefrillebær som einaste hjelpemiddel!

Jå kjøpte eg firehjuls traktor som skulle vere
bra nok om kommunen hadde fulgt opp med
Stjellsand til dekning og plank å køyre på.

Snømengdene i vinter og all nedbøren i sommer
førte til at eg ofte berre måtte dekke over buss-
lassa med presenningar (imokjøpt av meg.)

Kann ein så tenkje seg ^{fordet} det var å handsame og lesse
på traktor sine, især om sommeren.

Utbetaling av godtgjerdsla for stell av bussplass
legg inder all kritikk og bønne koma i orden.

Eg skal berre nemna at eg for arbeidsåret 1977
først mottok restoppgjjer på kr. 14.400,- pluss
eit halvt år forsinkta forskudd kr. 7200,-

10 juli 1978. Renter er der aldrig snekk om.

På grunn av ei slik umålely betalingsordning
har eg gang etter gang fått opp korttriktige lån
i banken. Dei nemde sümme børde vere ordna
ved års kiftet.

For året 1978 har eg ennå ikkje mottake neto slutt
oppgjær.

Kopi av abonnentlista har eg aldri mottake.
Likevel krev ein rekning ved utbetaling
Lunder og rekning etter dei opplysningane om abo-
menttallet som eg likevel har skaffa meg vert
derme ignoreret og my rekning sett upp på kontoret.

Grunnlaget for den betalingsordning som er
snytt er at eg som forskot får eit akontobeløp
kvart halvår basert på årsoppgjøret året før og eit
sluttoppgjær med teke nye abonnenter når året sette.

Fekk eg heile oppgjøret som etterstøt ville det
vera det same som at eg stadig måtte forkotbera
med eit halvt år og etter den erfaring eg har
med sluttoppgjæra ville det verta mykje lengre.

For året 1978 er grunnlaget for oppgjær slik:
Persantleg arbeid gjennomsnittleg 30 timar
for vika. Bruk av traktor 12 timar for vika.
(Får ein ta i bruk skjellband og kjøreplank vil
bruket av traktor kunna reduserast med
minst ein tredjepart når ein ser bort frå anten
i abonnenttal.)

For ettertida må ein kunna ordne det slik at
siste lasset for dagen kjem inn seinast kl. 14.

Slik det no er arbeider gøt over seine kvelder.
I vinterhalvåret må eg ta i bruk ein dag ekstra
på grunn av den korte arbeidstida.

Ly må be Meland formannskap ordne
denne saka så ein får greie rekningstingjes.
Aungunn Moldskier

Særutskrift av møteboka

for Meland formannskap

sak nr. 205 i møte den 12. juni 1979.

Av 5 medlemmer var 5 til stades (møtande varamenn medrekna).

Sak nr. 205.

Oppgjer stell og vedlikehald av boss plass.
Utsett sak nr. F 93/79.
A.nr. 573.

Kontorsjefen sitt skriv d. 06.06.79:

"Viser til saksliste sak 205/79, formannskapsmøte 07.06.79.
Likeeins vert det vist til kommunestyresak 147/78.

Kontorsjefen vil rå til at det vert gjort slikt vedtak:

"Det vert snarast å arbeide ut nærare retningsliner for fastsetjing
av godtgjersle for stell av boss plass på Moldekleiv. Repr. frå
formannskapet, kommuneing. og kontorsjef i samråd med A. Moldekleiv
vert beden om å arbeida ut framlegg."

Samrøystes vedtak:

Kontorsjefen si tilråding vart vedteken.

Rett utskrift.

Meland formannskap

Frekhaug 21. juni 1979.

Øyvind Aas
sekr.

Sendt: Formannskapet,
Kommuneingeniør,
Kontorsjef,
A. Moldekleiv.

Meland formannskap,

H e r.

Kontorsjefen 6.6.79:

Oppgjer stell og vedlikehald av boss plass.

Viser til sakliste sak 205/79 - formannskapsmøte 7.6.79.

Likeeins vert det vist til kommunestyresak 147/78.

Kontorsjefen vil rå til at det vert gjort slikt vedtak:

"Det vert snarast å arbeide ut nærare retningsliner for fastsetjing av godtgjersle for stell av boss plass på Moldekleiv. Repr. frå formannskapet, kommuneing. og kontorsjef i samråd med A. Moldekleiv vert beden om å arbeida ut framlegg."



Helge Thorsen

Særutskrift av møteboka

for Meland formannskap

sak nr. 93/79 i møte den 13.03.79.

Av 5 medlemmer var 5 til stades (møtande varamenn medrekna).

Sak nr. 93.

Beh. nr. 12.

Oppgjer, stell og vedlikehald av boss plass.

Samarøystes vedtak:

"Saka vert utsett."

Rett utskrift.

Meland formannskap

Frekhaug 20. mars 1979.

Øyvind Aas
sekr.

Sendt: Formannskap.

S a r u t s k r i f t

av møte i Meland kommunestyre 19.6.1978.

Av kommunestyret sine 21 medlemmer var 20 tilstades.

Sak nr. 147.

Godtgjersle for stell av boss plass på Moldekleiv.

Låg føre skriv, d. 5.4.78, frå kommuneingeniøren, der han viser til kommunestyresak 109/76.

Bossmengda har no auka vesentleg, og Arnfinn Moldekleiv har krevd ei justering av godtgjersla frå 1.1.77.

Kommuneingeniøren har drøfta saka med A. Moldekleiv og vil gje fylgjande tilråding:

- " 1. Som godtgjersle for stell av boss plassen får A. Moldekleiv utbetalt kr. 110,- pr. abonnement eks. meirverdiavgift, rekna frå 1.1.77.
2. Abonnentalet vert rekna som gjennomsnittstal for eit år.
3. Det vert ikkje rekna prisstigning ut ifrå den vurdering at arbeidet kan gjerast forholdsvis meir rasjonelt etter kvart som abonnentalet aukar.

Ein viser forøvrig til kontrakt godkjend i kommunestyret 30.3.76, sak nr. 59.

Godtgjersla for året 1977 vert såleis:

Abonnental pr. 1.1.77	<u>289</u>
" " 1.1.78	<u>381</u>
(289 + 381) 1/2 x 110,- kr.	kr. 36.850,-
Meirverdiavgift	kr. 7.370,-
Til saman	<u>kr. 44.220,-.</u>
	=====

Samrøystes vedtak:

"Kommunestyret godkjenner at det for 1977 vert betalt ein fast sum kr. 37.000,- ekskl. mva. som godtgjersle for stell av boss plass på Moldekleiv. For 1978 vert det å arbeide ut nærare retningsliner for ovannemnde godtgjersle."

Rett utskrift.

Vert sendt til:

Arnfinn Moldekleiv
Komm.ing.
Komm.kass.
Revisor

, 29.6.1978.

Helge Thorsen
sekr.

MELAND KOMMUNE

Kommuneingeniøren

5110 FREKHAUG

Telf. (05) 358016

MOTTEKE

- 6 APR. 1978

Meland formannskapskontor

RB/1s

Meland formannskap

H e r.

Vedk. godtgjersla for stell av boss plass på Moldekleiv.

Ein viser til vedtak i kommunestyret av 10.6.76.

Bossmengda har no auka vesentleg, og Anfinn Moldekleiv har krevd ei justering av godtgjersla, frå 1.1.77.

Eg har drøfta saka med A. Moldekleiv, og vil på bakgrunn av dette gje fylgjande tilråding:

1. Som godtgjersle for stell av boss plassen får A. Moldekleiv utbetalt kr. 110,- pr. abonnement eks. meirverdiavgift, rekna frå 1.1.77.
2. Abonnentalet vert rekna som gjennomsnittstal for eit år.
3. Det vert ikkje rekna prisstigning ut ifrå den vurdering at arbeidet kan gjerast forholdsvis meir rasjonelt etter kvart som abonnentalet aukar.

Ein viser forøvrig til kontrakt godkjend i kommunestyret, 30.3.76, sak nr. 59.

Godtgjersla for året 1977 vert såleis:

Abonnental pr. 1.1.77	<u>289</u>
" " " 1.1.78	<u>381</u>
(289 + 381) 1/2 x 110,- kr.	kr. 36.850,-
Meirverdiavgift	kr. 7.370,-
Til saman	<u>kr. 44.220,-</u> =====

Ein ber om at saka vert handsama snarast, slik at vi får gjort opp med A. Moldekleiv for 1977.

Kommuneingeniøren i Meland, 5.4.78

R. Bjørndal
Roald Bjørndal